



Lindås kommune - vegavdelinga
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/228 - 19/7086

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.03.2019

Løyve til etablering av trafikksikringstiltak og støy-/innsiktsskjerming - gbnr 172/171 Hopland

Administrativt vedtak. Saknr: 131/19

Tiltakshavar: Lindås kommune - vegavdelinga
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak uten ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-2.

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av låg mur/fundament for tett plankegjerde for å hindre innsyn, støv og sprut frå veg, samt redusere støy mot naboeigedomar som ligg langs vegen. På innsendt situasjonsplan er det opplyst at lengde på mur er på 65 meter.

Ein legg til grunn at det er betongfundament for å etablere gjerde som er omhandla av søknaden og at natursteinsmur som er vist er del av vegkroppen.

Det er i dialog med søker/tiltakshavar opplyst at ein etter krav frå Statens vegvesen har justert høgde på betongfundamentet, jf. teikningsmateriell motteke 14.03.19. Høgde på betongfundamentet er økt til 0,9 m, jf. teikningsmateriell, høgde på skjerm inkludert betongfundamentvert då 1,4 m i front inn mot Fv402.

Søknaden omfattar etablering av betongfundament for å føre opp skjerm for hindre innsyn, støv og sprut frå fylkesveg inkludert tett skjerm jf. teikningsnr. 54, datert 14.03.19 . Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.01.19 og endeleg komplettert 14.03.19.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Seim skule med utbetring av Fv 402, mindre endring 2017-18/planid.: 1263-201707, arealdet der tiltaket er søkt etablert er i planen definert som anna veggrunn grøntareal.

Det er i føresegna til planen § 4.5.1 opna for tiltak som er naudsynt for å ta i vare etablering og funksjon av vegen. Areala kan nyttast til skjeringar, fyllingar, rekkverk, murar og grøfter.



Tiltaka er vurdert å vere i samsvar med plan.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Det er i søknad gjort greie for at det er inngått avtale om bruk av grunn med naboar og gjenbuarar som skildrar tiltaka og det vert av søker vurdert at dette erstatter nabovarsling. Administrasjonen finn ikkje grunn for å krevje yttarlegare nabovasling.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 15.01.19.

Tiltaket er ledd i sikringsarbeid pålagd tiltaket i høve utbetring av kryss.

Tilkomst, avkørsle, parkering, vatn og avløp (VA)

Ikkje relevant for tiltaket.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser lengde og plassering av murkrone.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg sokjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn tilfredsstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Privatrettslege tilhøve

Rett til etablering av tiltaket er sikra gjennom avtaler med grunneigarar i sak 18/1725.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-4 vert det gjeve løyve i til oppføring av murkrone og tett rekkverk slik det går fram av søknad og teikningsnr. 54, datert 14.03.19. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 15.01.19 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

- 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnleggjast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/228

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Irene Wilhelmsen

Mottakarar:

Lindås kommune - vegavdelinga

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ